



Til bebuarar og andre i området ved gamle Fylkesv. 565 i Isdalstøbakken

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1486 - 14/3715

Saksbehandlar:

Rune Kilen

Dato:

20.02.2014

## Innkalling til folkemøte tysdag 4.mars 2014 kl. 20-21 i Nordhordlandshallen, kantina.

I september 2009 vart ny omkøyringsveg på fylkesveg 565 opna i Isdalstø mellom anna for å lette trafikkpåkjenninga vegen forbi Hordasmia har hatt dei siste åra. Samstundes tilrådde Statens vegvesen at denne parsellen skulle omklassifiserast til kommunal veg.

I Hordaland fylkeskommune vart det gjort følgjande vedtak 17.04.2013 ( Sak 201106855-3):

*«Fylkesutvalet vedtek at parsell av fylkesveg 565, hp 01, frå km pel 0 til km pel 0,65 i Lindås kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.11.2013.»*

I februar 2013 vart det gjennomført felles synfaring av Statens vegvesen og Lindås kommune. Eit av dei vesentlege punkta frå kommunen vart å få sett ned farten til 30 km/t og etablera fartshumpar for at det tidsmessig ikkje skulle lønne seg å nytte seg av ulovleg gjennomkjøring her.

Desse tiltaka er pr. i dag ikkje utført. Ein årsak her er tvil om dette er rette løysinga.

Det har frå bebuarane i området vore rapportert så mykje uvettig trafikk i området at det er ønskje om å få vegen fysisk stengd i krysset mot Fv57 ved vegen til Isdalstø kai. Dette synspunktet er i strid med ønskja frå dei som driv med næringsverksemd i området.

Det har også vore fremma forslag om delvis stenging av vegen med framkomst for mindre køyretøy til og frå Isdalstø kai, samstundes som løysinga gjer det fysisk vanskeleg med gjennomkjøring.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Med bakgrunn i ovannemnte problemstillingar inviterer Lindås kommune bebuarar og andre i området inn til møte for å diskutere og få tilbakemeldingar på aktuelle trafikkløysingar.

Med på møtet vert også representantar frå Lensmannen og frå Statens Vegvesen.

Vel møtt !

Med helsing

Rune Kilen  
prosjektleder

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

